


# Fordjupingsoppgåva VG3 studiespes. 2020-21



**Nærkontakt med tekstar**

## Kva er fordjupingsoppgåva på Tryggheim?

*Fordjupingsoppgåva* er ei undersøkende oppgåve der du skal forska på ein tekst med ei bestemt tematisk vinkling, og forhåpentleg koma klokare ut i andre enden.

På Tryggheim er oppgåva **tverrfagleg** og omfattar norskfaget og religion og etikk-faget. Det betyr at du skal fordjupa deg i eit tema frå religionsfaget med utgangspunkt i ein film eller ei bok. Oversikt over bøker og filmar som kan eigna seg til dette, finn du på s. 6-8.

Størstedelen av arbeidet med oppgåva skal gå føre seg i januar, men alt no må du tenkja på val av tema og tekst. Arbeidet skjer individuelt eller i par, og resultatet skal leggjast fram for klassen. Desse framføringane plar vera høgtidsstunder for både lærarar og elevar. Tjue minutt kan faktisk kjennast litt kort.

## Kva seier læreplanane?

### Litt frå overordna del

Opplæringen skal gi elevene en forståelse av kritisk og vitenskapelig tenkning. Kritisk og vitenskapelig tenkning innebærer å bruke fornuften på en undersøkende og systematisk måte i møte med konkrete praktiske utfordringer, fenomener, ytringer og kunnskapsformer.

Kritisk refleksjon forutsetter kunnskap, men gir samtidig rom for usikkerhet og uforutsigbarhet. Opplæringen må derfor søke en balanse mellom respekt for etablert viten og den utforskende og kreative tenkningen som kreves for å utvikle ny kunnskap.

Etisk bevissthet er å veie ulike hensyn mot hverandre og er nødvendig for å være et reflektert og ansvarlig menneske. Opplæringen skal utvikle elevenes evne til å foreta etiske vurderinger og gjøre dem fortrolige med etiske problemstillinger.

## Mål frå læreplanen i norsk

*... gjennomføra ei sjølvvalt og utforskande fordjupingsoppgåve med språkleg, litterært eller anna norskfagleg emne, og velja kommunikasjonsverktøy ut frå faglege behov.*

### Andre læreplanmål i norsk

- tolka og vurdera komplekse samansette tekstar
- drøfta norskfaglege og tverrfaglege emne ved hjelp av fagterminologi og heilskapleg argumentasjon
- bruka retoriske og digitale ferdigheiter til å produsera og framføra samansette tekstar
- bruka kjelder på ein kritisk og etterprøvbar måte [...]

## Frå læreplanen i religion og etikk

*Faget skal bidra til kunnskap om og respekt for ulike religiøse, livssynsmessige og etiske ståsteder i lokalt, nasjonalt og globalt perspektiv. Opplæringen i faget skal utvikle teoretisk og praktisk kompetanse til å analysere og sammenligne religioner, livssyn og filosofiske retninger.*

### Andre aktuelle mål i faget religion og etikk:

- analysere og sammenligne religioner, livssyn og filosofiske retninger
- gjøre rede for og drøfte sentrale trekk ved religionenes etikk, tolke sentrale tekster fra hver av religionene, gjøre rede for ulike retninger og beskrive og analysere estetiske og rituelle uttrykk i religionene
- drøfte ulike former for religiøs søking i vår tid
- gjøre rede for og vurdere ulike former for religions- og livssynskritikk
- drøfte religionens syn på kjønn og kjønnsroller
- beskrive og reflektere over hovedtrekk i kristen etikk
- forklare sentrale etiske begreper og argumentasjonsmodeller og gjenkjenne og vurdere ulike typer etisk tenkning



*Som holdningsdannende fag skal religion og etikk også gi rom for refleksjon over egen identitet og egne livsvalg. Opplæringen i faget skal bidra til å stimulere hver enkelt elev i arbeidet med livstolkings- og holdningsspørsmål.*

## Sju kjappe om prosessen

- 🍓 Avgjer fyrst for kva del av religionsfaget / kva tema du vil arbeida med
- 🍓 Finn tekst til emnet = *primærmaterialet* ditt = det du skal forska på
- 🍓 Knytt oppgåva til kompetansemål i religionsfaget
- 🍓 Formuler eit interessed spørsmål / ei problemstilling til teksten
- 🍓 Finn relevant teoristoff (*sekundærlitteratur*)
- 🍓 Forsk og finn svar på problemstillinga ut frå teorien, metoden og teksten
- 🍓 Presenter forskinga og svaret

Biverknader:

- 🍓 Du får nyttige erfaringar for resten av skuleåret og for livet som student
- 🍓 Ei lærerik og utviklande oppgåve og i positiv forstand krevjande!



## Tidsplan

- Medio november** Informasjon om fordjupingsoppgåva
- Primo desember** Frist for val av tema og tekst
- Veke 1** Laga problemstilling. Levera inn eit samandrag av teksten. Leita fram sekundærlitteratur.
- Veke 2** Arbeidsperiode. Obligatoriske rettleiingssamtalar.
- Veke 3** Presentasjonar.  
Lever kjeldeliste med kort refleksjon to dagar før presentasjonen.



## LISTE OVER FILMAR

Tema i religionsfaget	Filmtittel	Aktuell vinkling/problemstilling
Kristendom	<i>Les Miserables</i> (2012) <i>The Avengers</i> (2012) <i>De usynlige</i> (2007) <i>Risen</i> (2016) <i>Silence</i> (2016) Serien <i>Messiah</i> (2020)	Nåde Kristen etikk eller «Den store forteljninga»  Adaptasjon/omgrepa: Gudsbilete, synd, nåde og tilgjeving  Samanlikna religionar
Islam	<i>City of Ghosts</i> (2017) <i>Hva vil folk si?</i> (2017) <i>Layla M</i> (2016) <i>Drageløperen</i> (2007) <i>Ørkenblomst</i> (2009) <i>Cuties</i> (2020)	Etiske problemstillinger, ver-varsamplakaten, menneskesyn  Verdikonfliktar vestleg livsstil - pakistansk livsstil  Kvinnesyn, rasisme Islam, kjønnsroller, integrering
Buddhisme	<i>Silence</i> (2016)	
Livssyns-humanisme	<i>The reader</i> (2008) <i>De urørlige</i> (2011) <i>Kapernaum</i> (2018)	Humanistisk menneskesyn  Humanisme, menneskesyn, etikk
Filosofi	<i>Sofies verden</i> (1999) <i>I et speil, i en gåte</i> (2008)	
Nyreligiøsitet	<i>Historien om Pi</i> (2012) <i>Avatar</i> (2009) <i>Så som i himmelen</i> (2004) <i>Thelma</i> (2017)	Språkbruksanalyse, religionskritikk
Etikk	<i>En folkefiende</i> (2005) <i>Spotlight</i> (2016) <i>First reformed</i> (2017) <i>A handmaid's tale</i> , t.d. «A woman's place» sesong 1, episode 6	
Jødedom	<i>Vivianes kamp</i> (2014) Serien <i>Unorthodox</i> (2020)	Kjønn og kjønnsroller. Religion og samfunn
Hinduisme	<i>Water</i> (2005)	Kjønn og kjønnsroller

Menneskesyn	Serien <i>Exit</i> (2019) <i>Green Book</i> (2018) <i>Ut og stjæle hester</i> (2019) <i>De elendige</i> (2020) <i>Disco</i> (2019)	Menneskesyn, humanisme  Menneskesyn, ekstrem religiøsitet
-------------	--	---

## LISTE OVER BØKER/TEKSTAR

Tema i religionsfaget	Tittel	Aktuell vinkling/problemstilling
Kristendom	<i>En tid for alt</i> av K.O. Knausgård, (2004) <i>Et større vi</i> av Geir Lippestad, (2016) <i>Sjur Gabriel</i> av Amalie Skram (1887) <i>Søsterklokkene</i> av Lars Mytting (2018) <i>Den siste striden</i> av CS Lewis (1956) <i>Taushet</i> av Shusako Endo (2019)	Bibelske metaforar  Menneskeverd  Gudsbiletet  Bibelske metaforar  Synkretisme
Islam	<i>I morgen vi ler</i> av Namra Saleem (2016) <i>Skamløs</i> av Amina Bile m.fl. (2017) <i>To søstre</i> av Åsne Seierstad (2016) <i>Ildhjerte</i> av Kamilla Shamsie (2018) <i>Tante Ulrikkes vei</i> av Z. Shakar (2017)	Kjønnsroller/kvinner Muslimske jenter, kjønn og kjønnsroller i islam Radikalisering
Buddhisme	<i>Gulldragens rike...</i> av I. Allende (2004)	
Livssyns-humanisme	<i>Frihet</i> av Jonathan Franzen (2010)	Humanistisk menneskesyn
Filosofi	<i>Sofies verden</i> (1991), <i>Kabalmysteriet</i> (1990), <i>I et speil i en gåte</i> (1993) av Jostein Gaarder  <i>Studier i ondskap</i> av Arne Johan Vetlesen (2014), sakprosa	  Ondskapens problem
Nyreligiøsitet	<i>Alkymisten</i> av Paulo Coelho (1988)	
Etikk	<i>Kransen</i> (1920), <i>Ida Elisabeth</i> (1932) av Sigrid Undset  <i>Den første sten</i> av Carsten Jensen (2016)	Følgja draumen eller gjera det rette?  Krigføring

	<i>Koke bjørn</i> av Mikael Niemi (2017) <i>Det hvite badehuset</i> (2017), <i>Det siste fotografiet</i> (2019) av Thorvald Steen	Etikk, menneskesyn Arvelege sjukdomar og menneskeverd
Religionskunnskap	<i>Hvor kristent skal Norge være?</i> av Henrik Syse og Halvor Nordhaug (2016), sakprosa <i>Som om Gud ikke finnes</i> av Magnus Malm (2015), sakprosa	Sekularisering og resakralisering, språkbruk

## Døme på problemstillingar

- Kva for likskapar og skilnader finn me mellom filmen ... og livssynet ... når det gjeld framstillinga av...?
- Korleis kjem den nyreligiøse tankegangen til uttrykk i filmen ..... gjennom dei tre temaa ....?
- Kva for ulike etiske argument for sanning kjem fram i filmen ....., og korleis høver dette med kristendommen?
- Korleis er fridomsprosessen til hovudpersonen i filmen ..., i lys av religionskritikken i filmen?
- Retorisk analyse av eit utval preiker frå norsk kristenliv (må presiserast nøyare)



- Korleis framstiller filmen ... det humanistiske menneskesynet gjennom rollefiguren ...?
- Kva haldning viser filmen/boka ... til ... (eit tema), og korleis høver dette med ... (eit livssyn)?



## FORSLAG TIL DISPOSISJON



### 1 Innleiing

#### Bakgrunn

Emnet/teksten du har valt og kvifor  
Kort handlingsreferat og hovudbodskapen i teksten

Presenter problemstillinga di og korleis du vil gå fram for å finna svar

### 2 Teori og kjelder

Presenter aktuell religionsteori, *spissa ifht problemstillinga di*

Gjer kort greie for kjelder, og definer metode eller analyseomgrep dersom behov

### 3 Analyse

For å svara på problemstillinga tek du utgangspunkt i *det som vert sagt og gjort av den/dei personane du legg hovudvekt på*. Sjå analyseverktøyet side 10.

Konsentrer analysen om 2-3 gode klipp/utdrag. Bruk teori og metode frå teoridelen ovanfor.

Trekk også fram sentrale filmatiske/litterære verkemiddel i klippa/utdraga, og vis korleis dei byggjer opp under bodskapen.

Reflekter over korleis delane står i forhold til heilskapen i teksten.

### 4 Avslutning

Gje konklusjonen/svaret på problemstillinga ut frå det du har funne ut i analysedelen. Hugs den raude tråden, og sei noko om korleis hovudbodskapen samsvarer med funna dine i analysedelen.

Ev. refleksjonar du gjer deg i etterkant.

### 5 Kjeldeliste


## Analyseverktøy for livssynsoppgåver

Du kan følgja ein sentral person og velja ut nokre scener som kan belysa problemstillinga di. Sjå kva personen seier og gjer, og korleis han og ho lever. Gjennom dette kan du finna spor av livssyn. I tillegg kan du sjå korleis filmatiske eller litterære verkemiddel byggjer opp under formidlinga.

Under følgjer ei nyttig inndeling som viser område du kan fokusera på. Skal du t.d. seia noko om menneskesynet i filmen/boka, kan det vera nyttig å sjekka kva som blir sagt og gjort i samband med «det ytre» - altså utsjånad og image.

- **Forholdet til seg sjølv og sine**
  - Forholdet til det ytre (utsjånad og image)
  - Forholdet til familie og venner
  - Forholdet til kjærleik og sex
  - Forholdet til rusmiddel
  
- **Forholdet til autoritetar og samfunn**
  - Forholdet til autoritetar (foreldre, lærarar, eldre, politikarar, politi, osv.)
  - Forholdet til samfunnet generelt (miljø, politikk, osv.)
  
- **Forholdet til «det bortanfor» (framtida, livet etter dette)**
  - Forholdet til framtida (eiga framtid og generelt)
  - Forholdet til «det religiøse»

**Kjelde: Margunn S. Dahle, NLA Mediehøgskolen Gimlekollen**



## SLUTTPRODUKT OG VURDERING

Sluttproduktet er ei framføring for (delar av) klassen. 20 minutt for individuelle oppgåver, 35 minutt for grupper på to.

Du får karakter i:  
Norsk munnleg  
Religion og etikk

### I vurderinga vil me leggja vekt på

- 🔍 ei heilskapleg oppgåve der norskfaget og religionsfaget saumlaust er sydde saman
- 🔍 det kritiske blikket på teksten
- 🔍 Tryggheim-modellen:
  - fagleg beskriving
  - fagleg analyse
  - fagleg refleksjon

